



## NOREGS HØGSTERETT

Den 4. desember 2018 vart det av Høgsteretts ankeutval med dommarane Utgård, Noer og Kallerud i

**HR-2018-2306-U, (sak nr. 18-174157STR-HRET), straffesak, anke over vedtak:**

A

mot

Påtalemakta

sagt slik

### O R S K U R D :

(1) Saka gjeld anke over lagmannsrettens vedtak om å nekte anke i straffesak fremja, jf. straffeprosesslova § 321 andre ledd.

(2) Øst-Finnmark tingrett sa dom 23. april 2018 med slik domsslutning:

#### "I

**A, født 00.00.1974, dømmes for to overtredelser av straffeloven § 311 første ledd, og én overtredelse av våpenloven § 33, jf § 27 a, jf straffeloven § 79 bokstav til fengsel i 60 dager og en bot på kr. 10.000 subsidiært 20 dager fengsel.**

**Fullbyrding av straffen utsettes med en prøvetid på to år jf. straffeloven § 34.**

#### II

**A, født 00.00.1974, dømmes til å tåle inndragning i medhold av straffeloven § 69 av:**

**Sexdukke m. tilbehør beslag nr A1**

**Corse Air Tx 750 stasjonær pc, beslag nr B1**

**Apple Mac Book Pro, beslag nr B2**

**Maxtor 300 gb harddisk, beslag nr B5**

**Seagate 40 gb harddisk, beslag B6**

**Seagate 750 gb hardisk, beslag nr B8**

**Maxtor 80 gb harddisk B11.**

**210 stk cal 308 ammunisjon, beslag nr C1, C14.**

**144 stk 9 mm ammunisjon, beslag nr C4, C10, C13**

**526 stk 22 cal ammunisjon, beslag nr C5 – C 9**

**Hagle USSR cal 16, beslag B6****III**

**A, født 00.00.1974 dømmes til å erstatte sakens omkostninger med kr 3000,-."**

- (3) A anka dommen til Hålogaland lagmannsrett, som ved vedtak 27. august 2018 nekta anken fremja etter straffeprosesslova § 321 andre ledd.
- (4) A har anka vedtaket i sin heilskap til Högsterett. Anken gjeld saksbehandlinga, bevisvurderinga under skyldspørsmålet, lovbruken, straffutmålinga og inndraginga. Han har mellom anna gjort gjeldande at det var uriktig å nekte anken fremja då det ikkje er avklara i rettspraksis om innføring av ei sexdokke i storleik som eit barn er straffbart.
- (5) *Påtalemakta* er kjend med anken.
- (6) Lagmannsretten har ved vedtak 12. november 2018 vurdert, men ikkje funne grunnlag for omgjering av det første vedtaket sitt.
- (7) *Högsteretts ankeutval* viser til at kompetansen for utvalet er avgrensa til å prøve saksbehandlinga hos lagmannsretten, jf. straffeprosesslova § 321 sjette ledd. I dette ligg mellom anna at utvalet kan prøve om det ut frå retts- og bevisspørsmåla var forsvarleg å nekte anken fremja.
- (8) Tingretten domfelte for brot på straffelova § 311 første ledd ved at den tiltala hadde ført inn til landet ei sexdokke i storleik som eit barn. Retten drøftar ikkje nærmare forståinga av "fremstilling" i loveteksten i lys av at det i forarbeida er sagt at "man med dette rammer enhver fremstilling uansett medium, også tekst". Utvalet nemner at justiskomiteen i Stortinget i Innst. 247 S (2016 -2017) tok opp spørsmålet om lova var tilstrekkeleg klar med omsyn til om sexdokker i storleik som barn er omfatta av straffeboden.
- (9) Spørsmålet om straffelova § 311 omfattar det å ha med sexdokker på storleik med eit barn å gjere, har ikkje vore prøvd i Högsterett. I den einaste lagmannsrettsdommen som utvalet er kjend med, LF-2018-104614, oppheva lagmannsretten ein fellande tingrettsdom for eit slikt forhold – og ein del andre forhold – og uttala då at punkta i siktina "innbyr på flere punkter til en nærmere redegjørelse for lovanvendelsen og straffbarhetskriteriene".
- (10) Utvalet ser det ikkje som rett å gå nærmare inn i realiteten i spørsmålet, men er kome til at det ikkje var forsvarleg av lagmannsretten ikkje å uttale seg om lovforståinga så langt gjeld domfellinga etter straffelova § 311 første ledd.
- (11) Utvalet er etter dette samråystes kome til at vedtaket i lagmannsretten om å nekte anken etter post § b i tiltalen må opphevast.
- (12) Når det gjeld nektingsvedtaket for dei andre postane med domfelling, er ankeutvalet samråystes kome til at anken klart ikkje kan føre fram. For desse postane blir anken forkasta i medhald av straffeprosesslova § 387 a første ledd.

**S L U T N I N G :**

Lagmannsrettens vedtak blir oppheva når det gjeld nektinga av å fremje anken etter post § b i tiltalen. Anken elles blir forkasta.

Ragnhild Noer  
(sign.)

Karl Arne Utgård  
(sign.)

Knut H. Kallerud  
(sign.)

Riktig utskrift: